

KOMMISJONSVEDTAK**av 9. mars 1998****om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til modular for innvendige skiljevegger(*)**

(98/213/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtene:

I samband med samsvarsattestering av ei vare må Kommisjonen velje den av dei to framgangsmåtene i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF som «er minst kostnadskrevende og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten». Dette tyder at det for ei viss vare eller varegruppe må avgjerast om det er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattestering at det ved fabrikk finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det er naudsynt å nytte eit godkjent sertifiseringsorgan for å rette seg etter dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.

Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, først opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definerast slik dei vert nytta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.

Dei to framgangsmåtene som er nemnde i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF, er utførleg omtala i vedlegg III til direktivet. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved tilvising til vedlegg III, etter kva metodar dei to framgangsmåtene skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegg III.

Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg tilsyn og andre og tredje alternativ, medan framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i

vedlegg III nr. 2 i) og i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ med jamleg tilsyn.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dei varene og varegruppene som er oppførde i vedlegg I, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der produsenten har eineansvaret for eit system for produksjonskontroll ved fabrikk som sikrar at varene er i samsvar med dei aktuelle tekniske spesifikasjonane.

Artikkel 2

Dei varene som er oppførde i vedlegg II, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som finst ved fabrikk og produsenten har ansvaret for, vert nytta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølve vara.

Artikkel 3

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg III skal gå fram av mandata for retningslinjer for europeisk teknisk godkjenning.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 9. mars 1998.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT L 80 av 18.3.1998, s. 41, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 5/1999 av 29. januar 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til *De Europeiske Fellesskaps Tidende*.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

VEDLEGG I

Modular for innvendige skiljevegger som inneheld materiale i euroklasse A⁽¹⁾, B⁽¹⁾ eller C⁽¹⁾, A (utan prøving), D, E og F, og er meinte for bruk som er underlagd krav til yting ved brannpåverknad.

Modular for innvendige skiljevegger som er meinte for brannteknisk oppdeling.

Modular for innvendige skiljevegger meinte for bruk som er underlagd reglar for farlege stoff.

Modular for innvendige skiljevegger meinte for bruk som er underlagd reglar for «sikkerhet ved bruk».

Modular for innvendige skiljevegger som er meinte for annan bruk.

VEDLEGG II

Modular for innvendige skiljevegger som inneheld materiale i euroklasse A⁽²⁾, B⁽²⁾ og C⁽²⁾, og er meinte for bruk som er underlagd krav til yting ved brannpåverknad.

⁽¹⁾ Materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen.

⁽²⁾ Materiale der ytinga ved brannpåverknad kan endre seg under produksjonsprosessen.

VEDLEGG III

SAMSVARSATTESTERING

Merknad: Når det gjeld modular som har fleire enn eitt av dei tiltenkte bruksområda som er oppførde i varegruppene nedanfor, vert dei oppgåvene som ligg på det melde organet og er avleidde av dei ulike systema for samsvarsattestering, kumulative.

VAREGRUPPE

MODULAR FOR INNVENDIGE SKILJEVEGGER (1/5)

1. System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
Modular for innvendige skiljevegger	Bruk som er underlagd krav til yting ved brannpåverknad	A ⁽¹⁾ , B ⁽¹⁾ og C ⁽¹⁾	1 ⁽²⁾
		A ⁽³⁾ , B ⁽³⁾ og C ⁽³⁾	3 ⁽⁴⁾
		A (utan prøving), D, E og F	4 ⁽⁵⁾

⁽¹⁾ Materiale der ytinga ved brannpåverknad kan endre seg under produksjonsprosessen.

⁽²⁾ System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

⁽³⁾ Materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen.

⁽⁴⁾ System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

⁽⁵⁾ System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

2. Vilkår som EOTA skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattestering skal spesifiserast

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.

VAREGRUPPE

MODULAR FOR INNVENDIGE SKILJEVEGGER (2/5)

1. System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
Modular for innvendige skiljevegger	Brannteknisk oppdeling	Alle	3 ⁽¹⁾

⁽¹⁾ System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

2. Vilkår som EOTA skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.

VAREGRUPPE

MODULAR FOR INNVENDIGE SKILJEVEGGER (3/5)

1. System for samsvarsattesting

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattesting i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattesting
Modular for innvendige skiljevegger	Bruk som er underlagd reglar for farlege stoff (¹)	—	3 (²)

(¹) Særleg dei farlege stoffa som er definerte i rådsdirektiv 76/769/EØF med endringar.

(²) System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

2. Vilkår som EOTA skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.

VAREGRUPPE

MODULAR FOR INNVENDIGE SKILJEVEGGER (4/5)

1. System for samsvarsattesting

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattesting i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattesting
Modular for innvendige skiljevegger	Bruk som kan innebere fare med omsyn til «sikkerhet ved bruk», og som er underlagd reglar for dette	—	3 (¹)

(¹) System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

2. **Vilkår som EOTA skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.

VAREGRUPPE

MODULAR FOR INNVENDIGE SKILJEVEGGER (5/5)

1. **System for samsvarsattesting**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattesting i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattesting
Modular for innvendige skiljevegger	Annan bruk enn den som er nemnd i 1/5, 2,5, 3/5 og 4/5	—	4 ⁽¹⁾

⁽¹⁾ System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

2. **Vilkår som EOTA skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.